

Møtereferat

Dato: 02. juni 2023

Emne:	Næringsforum Vestland	
Til stades:	Bård Sandal, Øystein Høyvik, Gottfred Greve, Monica Mæland, Geir Mikalsen, Roger Pilskog, Mette Nora Sætre, Kathrin Jakobsen, Øystein Høyvik, Gisle Nondal, Heidi Fossland, Helene Frihammer, Torunn Totland Stangervåg, Arent Kragh, John Tveit, Kristine Kopperud Timberlid	
Forfall:	Chistian Rekkedal, Rigmor Fardal, Anne Kverneland Bogsnesm Margareth Hagen	Sak:16-23/23
Møtetid:	Kl 0900-1200	Møtestad: Vestlandshuset

Møteleiar: **Bård Sandal**Referent: **Gisle Johanson****Sak 16/23: Godkjenning av innkalling og sakliste***Vedtak: Næringsforum godkjende Innkalling og sakliste med ei endring av rekkefølge.***Sak 17/23: Godkjenning av referat frå møte 27. april 2023***Vedtak: Næringsforum godkjende referatet***Sak 18/23: Net Zero Industry Act – framlegg til uttale frå Næringsforum Vestland**

Monica Mæland presenterte forslag til uttale frå Næringsforum. Det vart kommentert at ein burde ta med fleire konkrete døme frå Vestland. Notatet vart sendt ut til deltakarane på høyring etter møtet. Fleire statlege aktørar ønskte ikkje å stå som avsendar av uttalen. Uttalen vart difor ikkje sendt inn på vegner av Næringsforum Vestland, men frå ein avgrensa gruppe.

Sak 19/23: Grøn Region Vestland – korleis følgje opp arbeid med barrierane

Torunn Stangervåg (IN) og Arent Kragh (VLFK) i Grøn region Vestland presenterte status for arbeidet med dei seks barrierane og forslag om å lage ein digital presentasjon av tiltak retta mot barrierane.

*Vedtak: Grøn region Vestland rapporterer til Næringsforum Vestland to gongar i året på arbeidet med barrierane. Grøn region Vestland melder inn behov og problemstillingar kor partnerskapen må involverast for å finne ei løysing, ev i samarbeid med andre aktørar. Kompetanseforum Vestland og FoU-forum Vestland får oversendt saker som ligg innanfor deira mandat. Grøn region Vestland arbeidar vidare med å etablere ein digital oversikt over kva tiltak som blir sett i verk under kvar barriere og kva aktørar som jobbar med desse.***Sak 20/23 Oppdatering av Vestlandsporteføljen (til 10:30)**

Kathrin Jakobsen introduserte Vegard Sjursen og Arne Hesjedal frå EY som har fått oppdraget med å oppdatere Vestlandsporteføljen. Arbeidet vil verte ferdig i desember 2023

Vedtak: Næringsforum Vestland tok orienteringa til etterretning.

Sak 21/23 **Temaplan breiband og digitalisering – (til 10:50)**

Bård Sandal introduserte Hans Inge Gloppen, VFLK som presenterte det utsendte materialet.

Vedtak: Næringsforum Vestland tok orienteringa til etterretning.

Sak 22/23 **Runde rundt bordet – hovudutfordringar og moglegheiter andre halvår 2023**

Saka blie utsett til neste møte.

Sak 23/23 **Eventuelt (til 11:45)**